



Meland Kommune

Dato: 24.04.2015

Vår ref.: 2014/18701-26

Saksbehandlar: hanengu

Dykkar ref.:

Fråsegn - 2. gongs høyring kommuneplanen sin arealdel - Meland kommune

Vi viser til brev datert 13.3.2015 om 2. gongs høyring av Kommuneplanen sin arealdel i Meland kommune. Hordaland fylkeskommune ga i brev av 30.12.2014 fråsegn til 1. gongs høyring av planen.

Hordaland fylkeskommune vurderer planforslaget ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Hordaland fylkeskommune syner til innspela gitt i fråsegn til første gongs høyring av planen. Vi ser at fleire av våre innspel ikkje er følgt opp, vi ber difor kommunen om å vurdere planforslaget på nytt i forhold til Hordaland fylkeskommune si fråsegn.

Areal og transport

I førre fråsegn vart det peika på behovet for føresegner for fleire av næringsareala som er lagt ut langsmed FV564 frå Hjertås og lengre nordvestover på øya. Etter prinsipp for samordna areal- og transportplanlegging burde desse vere for arealkrevjande verksemder, mens kontorarbeidsplassar kunne med fordel lokaliserast i Frekhaug/Flatøy aksen. Dette har kommunen berre delvis følgt opp. Hordaland fylkeskommune vil oppmøde om at det blir utarbeida føresegn som sikrar at områda N6, N8, N10, N13, og N14 berre opnar for arealkrevjande verksemd. Slik det er formulert no er det for uklårt kva føresegnene opnar for i N13 og N14. For område N10 bør føresegnene bli endra slik at det ikkje blir opna for arbeidsplassintensiv verksemd.

For områda N4 og N1 er det utarbeida gode føresegner.

Det er positivt at det er utarbeidd føresegn om rekjkjefølgje for utbygging av N13 og N14, men Hordaland fylkeskommune meiner den er noko uklår. Den bør utformast slik at det er tydeleg at det er naudsynt med betre vegforbindelse for å ta i bruk området. Slik den no er formulert med eit og/eller kan det opnast for at det er tilstrekkeleg med transport til sjøs. Hordaland fylkeskommune tilrår endring på dette punktet.

Samferdsel

Kollektivknutepunkt på Flatøy

I plan- og byggeprogrammet for fylkesvegane utanom Bergen er det vedtatt i fylkestinget desember 2014 at Statens vegvesen skal starte opp arbeid med reguleringsplan for terminal og innfartsparkering på Flatøy. I skisseprosjektet for terminalprosjektet på Flatøy er det lagt til grunn at terminalen skal flytte til området for dagens innfartsparkering. Fylkeskommunen minner om at det i kommuneplanen må avsettast tilstrekkeleg areal for å kunne realisere dei skisserte løysingane for knutepunktet på Flatøy. Planane er i tråd med eit

meir attraktivt og effektivt kollektivtilbod.

Gang- og sykkelloysingar

I planskildringa står det at *Ved all veg- og arealplanlegging må det leggjast til rette for at bruk av sykkel blir ein naturleg del av transportsystemet i framtida*. Hordaland fylkeskommune er samd med Statens vegvesen at Fv 244 Sagstadvegen må få etablert eit nytt vegtibod for mjuke trafikantar frå Frekhaug sentrum til Sagstad skule og idrettsområdet på Fossmyna.

Kulturminne og kulturmiljø

I samband med kulturminne fremja Hordaland fylkeskommune motsegn til to areal foreslått regulert til LNF-spreidd bustad. Meland kommune har tatt våre innspel til etterretning og endra plankartet slik at det nå er i tråd med våre krav. Motsegn i høve kulturminne som vart vedteke i Kultur- og ressursutvalet 18.11.2014 fell difor bort.

Punktet som det vert fremja motsegn til, og som gjeld høgt potensiale for funn av kulturminne, er løyst ved at kommunen har lagt ei omsynssone H570_4 lo over hele område lo SB_11. Vikebø SB_9 LNF-spreidd bustad vert omgjort til bustadområde med reguleringsplankrav, der ved tiltak som nye bustadeiningar skal søknad sendast til kulturminnemynde for vurdering.

I sitt innspel påpeker Riksantikvaren at Meland mellomalderkyrkjestad (Askeladden id. 156372-1) er eit automatisk freda kulturminne og skal visast som omsynssone d) (H730) i plankartet og i temakartet, jf. pbl § 11-8 d). I det reviderte plankartet er kyrkjestaden vist som omsynssone c), H570_5 Meland. Vi ber om at kommunen retter dette i plankartet og føresegner. Det er positivt at kulturmiljøet knytt til Vikebø og Frekhaug er merkt med omsynssone H570 Kulturmiljø i plankartet og retningslinjer i planskildringa.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at kommunen vektlegg følgjande tema i handsaminga av planen: Areal- og transport, samferdsel og kulturminne.

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre
www.hordaland.no/plan/startpakke.

Marit Rødseth
plansjef

Hans-Christian Engum
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Planseksjonen - REG AVD, REGIONALAVDELINGA